

GODKJENT PER E-POST 21.03.2012



MØTEBOK

Møte i Forskingsnemnda 13.03.2012

- Til stades: Dag Inge Våge, forskingsleiar ved IHA
Annegreth Dietze-Schirdewahn, forskingsleiar ved ILP
Nils Bjugstad, forskingsleiar ved IMT
Sjur Baardsen, forskingsleiar ved INA
Jan Mulder, forskingsleiar ved IPM
Atle Guttormsen, forskingsleiar ved IØR (ikkje til stades under handsaminga av sak 16 og 17, kom under handsaminga av FoN-sak 18/2012)
Randi Kaarhus, forskingsleiar ved Noragric
Ruth Haug, prorektor for forskning og leiar av Forskingsnemnda
Sheena Gilchrist Lisland, representant for teknisk-administrativt tilsette
Anders Myhr, representant for stipendiatane
Camilla Dehli Østerud, vara for studentrepresentant
- Forfall: Stefan Marinai, student
Trine Isaksen, student
Gerd Vegarud, forskingsleiar ved IKBM. Vararepresentant møtte heller ikkje
- Frå sentraladministrasjonen: Ragnhild Solheim, forskingsdirektør
Ågot Aakra
- Møteleiar: Ruth Haug
- Møtebok: Ågot Aakra.

Sak 16/2012 Innkalling og saksliste

Dokument:

- a) Innkalling med saksliste
- b) Vedlegg:
Møtebok frå FoN-møte 14.02.2012 (godkjent per e-post).

Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjent

Sak 17/2012 Tildeling av gjesteforskarstipend 2012

Dokument

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg
 1. Utlysing av gjesteforskarstipend 2012
 2. Søknader om gjesteforskarstipend 2012 (ikkje offentleg)

Vedtak:

1. Gjesteforskarstipend for 2012 blir tildelt som følger:

Søkjar	Institutt	Gjesteforskar	Institusjon, land	Stipend (kr)
Kohler, Achim	IMT	prof. E.M. Qannari	Nantes-Atlantic National College of Veterinary Medicine, Frankrike	48 000
Marchetti, Jorge M.	IMT	dr. Valeria Verdinelli	Physics department, Universidad Nacional del Sur, Argentina	48 000
Moe, Stein R	INA	prof. Johan D. du Toit	Dept. of Wildland Resources, Utah State University, USA	50 000*
Bakken, Lars	IPM	ass. prof. Rob JM van Spanning	University of Amsterdam, Fac. of Earth and Life Sciences, Nederland	29 000
Salbu, Brit	IPM	dr. Sergey Hayrapetyan	Yerevan State University, Armenia	25 000
Bryceson, Ian	Noragric	dr. Betsy Beymer- Farris	Dept. Earth and Environmental Sciences, Furman University, USA	32 000
Eriksen, Siri	Noragric	dr. Lars Otto Næss	Inst. of Development Studies, Sussex University, Storbritannia	28 000
Sitaula, Bishal K.	Noragric	dr. Rajendra Shresta	Asian Institute of Technology, Thailand	40 000
Totalt:				300 000

* Forskottering: Gjesteforskarstipend til Stein R. Moe går av budsjett for 2013.

2. Forskningsnemnda tilrår at utlysing og søknadsfrist for gjesteforskarmidlane kjem tidlegare, slik at det er lettare planlegga for gjesteforskaroppald i budsjettåret (dvs. februar-februar påfølgande år)

3. Kriterium for tildeling av gjesteforskarstipend: Forskingsnemnda tilår at kriterium 3 for søkjarar/vert blir endra til: ”forskere som har fått gjesteforskerstipend ved UMB i løpet av siste tre år kan tildeles stipend forutsatt at alle andre kvalifiserte søkere er tildelt stipend”
4. Forskingsnemnda ber forskingsavdelinga vurderer om rutineane ved utlysing, søknader og tildeling av gjesteforskarstipend kan bli gjort enklare.

Sak 18/2012 Auka publisering, meir og betre forskning: Tiltaksliste

Dokument

- a) Saksframlegg

Vedtak:

1. Forskingsnemnda ber Forskingsavdelinga setja i verk arbeidet med tiltaka for å auka publiseringa ved UMB, slik dei er lista i Tabell 2 i saksframlegget (følgjer som vedlegg til møteboka).
2. Forskingsnemnda vil ha jamnleg orientering om arbeidet med å auka publisering ved UMB
3. Som medlemmer av arbeidsgruppe ”Karriereløpsordning og rekrutteringspolitikk til faste vitenskaplege stillingar” føreslår Forskingsnemnda Dag Inge Våge og Annegreth D.-Schirdewahn
4. Forskingsnemnda ber om at sentralt nivå ved UMB spesielt prioriterer arbeid med å frigjera tid til forskning, gjennom effektivisering av administrasjon og undervisning i arbeidet med å auka publiseringa ved UMB.

Sak 19/2012 Fagevalueringar: Biologi, medisin og helsefag. Geofag.

Dokument

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg
 1. Utdrag frå geofag-evalueringa
 2. Utdrag frå evalueringa av biologi, medisin og helsefag

Vedtak:

Geofagevalueringa:

1. FoN føreset at UMB tar omsyn til tilrådingar i evalueringa vedrørande organiseringa og utviklinga av geofaga. Forskingsnemnda tilrår at det blir sett i gang ein prosess for å vurderer framtidig organisering av geofagmiljøa ved UMB i Det nye universitetet. Fagmiljø og instituttleiarar må vera involverte i denne prosessen.

Evalueringa av biologi, medisin og helsefag

Forskingsnemnda er nøgde med at mange av gruppene som var med i biologi-, medisin og helsefagevalueringa får svært god omtale og totalvurdering. Det er svært gledeleg at det har vore ei tydeleg betring i dei biofaglege miljøa ved UMB sidan førre evaluering, men Forskingsnemnda ser at fleire av miljøa som er evaluerte, framleis har eit forbettringspotensial og meiner at UMB må arbeida vidare med å styrka dei biofaglege miljøa.

2. Forskingsnemnda ber om at Forskingsavdelinga orienterer om vidare oppfølging av evalueringa frå NFR si side. Oppfølging av evalueringa ved UMB og institutta bør vera eit viktig tema i årets styringsdialogar med IHA, IKBM, INA og IPM.
3. Forskingsnemnda merkar seg evalueringa av CIGENE, og ber CIGENE om kommentarar til evalueringa. Forskingsnemnda ber om at UMB nøye vurderer, i nært samråd med fagmiljøet og styringsgruppa for CIGENE, korleis interne midlar til CIGENE blir brukt. Forskingsnemnda

ser ikkje grunn til å gjennomføra den interne gjennomgangen av CIGENE som nemnda bad om tidlegare ([FoN-sak 22/2010](#)).

4. Forskingsnemnda føreset at UMB tar omsyn til tilrådingar frå evalueringa som gjeld matvitskap, i ei kommande "MATsatsing".
5. Forskingsnemnda ser det som særskilt viktig at DNU vurderer korleis ein kan styrka biofagleg forskning og tilrettelegging for vidare utvikling av fagmiljøet. Tilrådingar frå evalueringa må vera med i vurderingane når DNU nå blir etablert. Det er essensielt at ein unngår hinder for (vidareføring av) godt forskingssamarbeid.
6. Forskingsnemnda ber Forskingsavdelinga vurdere å laga ei enkel samanlikning av denne evalueringa med Biofag-evalueringa frå 2000: Korleis har utviklinga ved UMB vore samanlikna med andre evaluerte institusjonar? Kva for tiltak er det som har bidratt til forbetringa?

Andre kommentarar til biologi-, medisin- og helsefagevalueringa kan FoN-medlemmer senda til agot.aakra@umb.no innan 27. mars, for innarbeiding i felles innspel til NFR frå UMB.

Sak 20/2012 Informasjonssaker

Dokument:

- A. Nytt om Det nye universitetet (munnleg)
- B. US-møte 27.02.2012 (munnleg)
- C. Forskingsprisen og Forskingsformidlingsprisen 2012
- D. "Én PhD-grad for fremtidens behov?" Rapport frå UHR-arbeidsgruppe
- E. "Etterspørsel etter og tilbud av stipendiatstillinger i Norge frem mot 2020" (Rapport frå arbeidsgruppe nedsett av KD og UHR)
- F. Utlysing av SAK-midler (NVH, UiO, UMB)
- G. Utlysingar frå NFR, EU og andre relevante kjelder

Sak 21/2012 Eventuelt

Ingen saker

Tabell 2. Ytterlegare tiltak for auka publisering, meir og betre forskning ved UMB, i tillegg til arbeid nemnt i Tabell 1.

Kva	Korleis	Kven	Når	Kostnader (kr)
Rekruttering og PhD-utdanning ("rekruttering"; "insentiv")	Vektlegging av forskartalent og publiseringsevne ved tilsetjingar. Arbeidsgruppe i regi av POA?	POA, Forskingsavd., Institutt- og forskingsleiarar	Vår 2012.	Nei.
	Karriereløpsordning. Oppnemna arbeidsgruppe for utgreiing.	Forskingsavd. (Aakra og Solheim), POA, og institutta	Mandat, FoN mai 2012, ferdig oktober 2012	Ja.
	Postdoktorar og unge forskarar): korleis ivaretar og utnyttar denne ressursen? (jf mandat for "PhD-studentene som forskningsressurs")	Forskingsavd. (Aakra)	Ferdig, juni 2012 (FoN-behandling)	Nei.
	Styrkt rettleiarkompetanse. Innføra kurs i rettleiing av PhD-kandidatar	Forskingsavd (Aakra), Studieavd., Veilederforum	FoN-drøfting, juni 2012	
	Startpakke-ordningar.	Instituttleiarar, Forskingsavd., POA	Årsplanar 2013.	Ja.
Tid til forskning ("tid")	Effektivisering av undervisningsopplegg. Meir bruk av universitetslektorar i undervisning.	Studiedirektør, prorektor for utdanning, instituttleiarar	Innan 1.1. 2014	Sannsynlegvis.
	Redusert administrativ belastning, forenkla administrative prosedyrar	Forskingsavd. (Aakra, alle), FoN-gruppe (Guttormsen & Mulder)	FoN, juni 2012	Nei.
	Styrkt (og relevant)administrativ støtte til forskarar. Forum for forskingskoordinatorar	Forskingsavd. (Aakra og Solheim) og Forum for forskingskoordinatorar	Behovsoversikt, FoN, september 2012	Nei.
Styrkt forskingsleiarskap ("fokus", "insentiv")	Innføring av mentorordning for forskarar. Utgreiing (behovsanalyse)	Institutt- og forskingsleiarar	Orientering til FoN, juni 2012	Ja, tid og kr.

Kva	Korleis	Kven	Når	Kostnader (kr)
	Fremma haldningsendringar når det gjeld publisering	Universitetsleiinga, instituttleiarar	Straks	Nei. Muligens utgifter til inspirasjonsseminar, foredrag og liknande.
	Meir aktivt leiarskap og meir samarbeid på institutta. Kva blir gjort?	Institutt- og forskingsleiarar	FoN, mai 2012, instituttvis orientering	Nei.
Insitament for å auka publiseringa (”insentiv”, ”ros”)	Incentivordning, liknande ”INA-modellen” (jf. Benjaminsen og Håvarstein) ved alle institutt	Institutt- og forskingsleiarar	Instituttvis orientering, FoN 2012. Årsplanar 2013	Ja, og omprioritering i instituttbudsjetta
	Ros til mest framgangsrike institutt (siste tre år)	Forskingsavd.	Mai 2012	Pengepremie
Forskningsfinansiering og offensivt forskingspolitisk arbeid (”fokus”, ”tid”, ”PhD”)	Arbeid mot eksterne finansieringskjelder (identifisera søknadsmuligheter, skreddarsy for forskarar; auka kunnskap om finansieringsordningar; meir og lettare tilgjengeleg informasjon på UMBs og forskingsavd. sine nettsider)	Forskingsavd. (Murphy mfl), instituttleiarar, universitetsstyre	Kontinuerleg, orientering til FoN, juni 2012	Nei.
	Betre utnytting av dei forskningsmulighetene som finst (meir ”transferability”)	Institutt- og forskingsleiarar, Forskningsavd.	Straks	Nei
	Auka driftsmidlar (”matpakke” til PhD-kandidatar). Driftsmidlar til postdoktorar.	Forskingsavd. (Aakra og Solheim) og Universitetsstyre	Til årsplan 2013	Ja
	Oppfølging av nasjonale fagevalueringar	Forskingsavd. (Aakra), FoN, Universitetsstyre	Kontinuerleg	Vil variera mellom evalueringar.